



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 44

(2000-2001)

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i
EØS-komiteen om endring av protokoll
31 i EØS-avtala om deltaking for EFTA/
EØS-statane i dei lengde delprogramma
innanfor EU-programmet for folkehelse
(2001-2002)

*Tilråding frå Utenriksdepartementet av 9. februar 2001, god-
kjend i statsråd same dagen.*

1 Bakgrunn

EU-programmet for folkehelse omfattar i alt åtte delprogram i tillegg til eit eige nettverk for overvaking av smittsame sjukdommar. Seks av desse programma går ut før det tidspunktet ein reknar med at det nye EU-programmet for folkehelse (COM (2000) 285 final) vil ta til å gjelde, truleg frå 1. januar 2003. Noreg er alt med i dette samarbeidet, og difor er det ønskeleg å ta del i lenginga av dei eksisterande seks programma inntil det nye folkehelseprogrammet tek til å gjelde. Den norske deltakinga i desse programma går ut dels 31.12.00 og dels 31.12.01.

Utkastet til avgjerd i EØS-komiteen gjeld endring av protokoll 31 til EØS-avtala (om samarbeid på særlege område utanfor dei fire fridommene) ved lenging av følgjande handlingsprogram: «Handlingsprogrammet for helsefremjande tiltak, helseopplysning, helseutdanning og helseopplæring» (avgjerd nr. 645/96/EF), «Handlingsprogrammet for kampen mot kreft» (nr. 646/96/EF), «Handlingsprogrammet for forebygging av AIDS og visse andre smittsomme sykdommer» (nr. 647/96/EF), «Handlingsprogrammet for forebygging av narkotikavanebruk» (nr. 102/97/EF), «Handlingsprogrammet for helseovervaking» (nr. 1400/97/EF) og «Handlingsprogrammet for forurensningsbetingete sykdommer» (nr. 1296/1999/EF). Den formelle avgjerda i EU om lenginga av desse handlingsprogramma vil venteleg verte teken i februar 2001.

Norsk deltaking i lenginga av desse programma gjer det naudsynt med løyvingsvedtak og samtykke frå Stortinget til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen. For at Noreg skal kunne ta del i delprogramma så snart som råd, vert det søkt om samtykke frå Stortinget før det er teke avgjerd i EØS-komiteen. Det er i dette høvet venta at avgjerda i EØS-komiteen vert teken i møtet til komiteen 30. mars 2001, men datoen kan verte endra.

Europaparlaments- og rådsavgjerda og utkastet til avgjerd i EØS-komiteen om lenging av folkehelseprogramma følgjer i uoffisiell norsk omsetjing som trykte vedlegg til denne proposisjonen.

2 Nærmare om dei einskilde handlingsprogramma

Stortinget gav samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 54/96 av 4. oktober 1996 om endring av protokoll 31 i EØS-avtala om samarbeid innanfor folkehelsa med deltaking i dei følgjande handlingsprogramma: «Handlingsprogrammet for helsefremjande tiltak, helseopplysning, helseutdanning og helseopplæring», «Handlingsplanen for kampen mot kreft» og «Handlingsprogrammet for forebygging av AIDS og visse smittsomme sykdommer», jf. St.prp. nr. 31 (1996-97) og Innst. S. nr. 126 (1996-97). Desse programma gjeld fram til 31.12.00. Programma har omfattande målsetjingar på forebyggings-sida om informasjon og helseopplysning, og dessutan om overvaking og kontroll, og har ført til eit utvida samarbeid mellom fagetatar og forskingsmiljø her i landet og tilsvarande institusjonar i EU.

Stortinget gav òg samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 73/97 av 4. oktober 1997 om endring av den same protokollen for deltaking i «Handlingsprogrammet for forebygging av narkotikavanebruk», jf. St.prp. nr. 26 (1997-98) og Innst. S. nr. 86 (1997-98). Dette handlingsprogrammet gjeld òg fram til 31.12.00, og har som hovudmål å

- styrkje kunnskapen om narkotikavanebruk og konsekvensane av dette,
- medverke til betre informasjonsutveksling, utdanning og opplæring innanfor forebyggjande verksemd,
- utnytte føremonene ved auka samarbeid og utveksling av røynsler når det gjeld forebyggjande tiltak.

Deltakinga i narkotikaførebyggingsprogrammet har gjeve Noreg kunnskapar om ein del nye tilnæringsmåtar når det gjeld forebygging av etterspurnaden etter narkotika. Programmet har dessutan gjeve tilgang til samarbeid med andre land for å få fram meir kunnskap om narkotikaproblemet.

Stortinget gav òg samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 13/98 av 6. mars 1998 om deltaking i «Handlingsprogrammet for helseovervaking», jf. St.prp. nr. 48 (1997-98) og Innst. S. nr. 197 (1997-98). Dette programmet gjeld fram til 31.12.01. Programmet har medverka til å utvikle eit eige helse- og levekårsovervakingssystem i Europa med tilknytning til eit tilsvarande system her i landet. Systemet er viktig for trendanalysar og nasjonal planlegging.

Stortinget gav for kort tid sidan ved vedtak av 14. desember 2000 samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 83/2000 av 2. oktober 2000 om endring av protokoll 31 for deltaking i handlingsprogrammet for sjukdommar som er knytte til ureining, jf. St.prp. nr. 7 og Innst. S. nr. 70 (2000-2001). Dette programmet varar i tre år og sluttar å gjelde 31.12.01. Programmet har to hovudmål: 1) betre forståinga av korleis ureinande stoff skapar sjukdom eller gjer sjukdom verre, og 2) betre kunnskapen om korleis risikofaktorar som er knytte til ureining, verkar på miljø og helse. Det er venta at programmet vil kunne tilføre norske miljø verdfull kunnskap.

Ettersom desse delprogramma går ut før det nye EU-programmet for folkehelse etter planen tek til å gjelde, vil EU venteleg i februar 2001 vedta å lenge dei fram til 31.12.02. Grunnen til dette er at det ikkje er ønskjeleg med noka opphald i dei viktige prosessane som programmet har starta opp for å betre fol-

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om endring av protokoll 31 i EØS-avtala om deltaking for EFTA/EØS-statane i dei lengde delprogramma innanfor EU-programmet for folkehelse (2001-2002)

kehelsa i Europa, og at det er viktig sikre ein god overgang til det nye programmet.

Dei to programma «Handlingsprogrammet for forebygging av ulykker» og «Handlingsprogrammet for sjeldne sykdommer» gjeld fram til 2003 og er difor ikkje omfatta av lenginga.

3 Konstitusjonelle tilhøve

Sidan den norske deltakinga vil verte finansiert over ei tidsramme på to år, må Stortinget gje samtykke til deltaking i avgjerda i EØS-komiteen, jf. § 26 andre leddet i Grunnlova. Island og Liechtenstein har ikkje tilsvarande trong for slike prosedyrar i denne saka. Ei avgjerd i EØS-komiteen kan ikkje ta til å gjelde for EFTA/EØS-statane før alle dei naudsynte meldingane om at konstitusjonelle prosedyrar er avslutta, er mottekne.

For å hindre at Noreg seinkar iverksetjinga av avgjerda og gjere det mogleg for EFTA/EØS-statane å ta del i programmet så tidleg som råd, gjer Regjeringa framlegg om at Stortinget gjev sitt samtykke før avgjerda er teken i EØS-komiteen, som eit samtykke til deltaking i avgjerda i EØS-komiteen. Då vil det ikkje vere naudsynt å ta noko atterhald for konstitusjonelle prosedyrar ved vedtakinga. Det er ikkje venta at utkastet til avgjerd i EØS-komiteen vil verte endra. Dersom den endelege avgjerda skil seg vesentleg frå det utkastet som vert lagt fram i denne proposisjonen, vil saka verte lagd fram for Stortinget på nytt.

4 Avgjerda i EØS-komiteen

Med sikte på deltaking frå EFTA/EØS-statane i dei lengde EU-programma for folkehelse vil EØS-komiteen vedta ei endring av artikkel 16 i protokoll 31 i EØS-avtala. I innleiinga til utkastet til avgjerd vert det vist til artikkel 86 og 98 i EØS-avtala, som gjer det mogleg for EØS-komiteen å endre vedlegga og visse protokollar i avtala.

Artikkel 1 i utkastet slår fast at europaparlaments- og rådsavgjerda om lenging av folkehelseprogramma vert teken inn i artikkel 16 i protokoll 31 i EØS-avtala.

Artikkel 2 slår fast at avgjerda tek til å gjelde dagen etter at EØS-komiteen har motteke den siste meldinga etter artikkel 103 nr. 1 i avtala. Avgjerda skal nyttast frå 1. januar 2001.

Artikkel 3 slår fast at avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

5 Administrative og økonomiske konsekvensar. Kostnader i samband med deltakinga

Lenginga av dei seks delprogramma har eit samla budsjett på 79,1 millionar euro for åra 2001 og 2002. Dette inneber berre ei årleg prisjustering i høve til dei noverande budsjetta for delprogramma. Sosial- og helsedepartementet dekkjer utgiftene til norsk deltaking i delprogramma over kap. 719 post 21 og over kap. 614 post 21 for narkotikaprogrammet. Utrekninga finn stad på etterkot, og vil for 2000 vere om lag 5,2 millionar kroner til saman for dei seks delprogramma. Ved medlemskap i alle delprogramma for heile året vil utgiftene kome opp i om lag 6,5 millionar kroner i 2001 og 2002.

Sosial- og helsedepartementet har utnemnt representantar til programstyra for delprogramma, og oppnemnt ei eiga referansegruppe for arbeidet nasjonalt som fungerer som mellomledd til norske fagmiljø. Det er òg utnemnt ei eiga arbeidsgruppe for folkehelseprogramma, som har jamlege møte med Kommisjonen. Denne gruppa vert no leidd av Island.

6 Konklusjon og tilråding

Det har synt seg at utveksling av røymsler med EU og medverknad i EU-finansierte prosjekt under desse programma har tilført norske miljø nyttig informasjon. Særleg når det gjeld sjukdomsovervaking har norske institusjonar fått leiande roller og medverka til utviklinga i europeiske miljø. I vurderingsrapportane sine har EU kunna vise til positive resultat for folkehelsa. Norske miljø har hatt nytte av medverknaden i programma.

Med verknad frå 1. januar 2003 vil EU truleg leggje om og forenkle folkehelseprogramma til eit samlet program. Ei lenging av den noverande programdeltakinga vil førebu ei eventuell norsk deltaking i det framtidige programmet, og leggje grunnlaget for vidare samarbeid med EU på folkehelseområdet. Sosial- og helsedepartementet rår difor til at Noreg tek del i dei lengde delprogramma innanfor EU-programmet for folkehelse. Utanriksdepartementet sluttar seg til dette.

Utanriksdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om endring av protokoll 31 i EØS-avtala om deltaking for EFTA/EØS-statane i dei lengde delprogramma innanfor EU-programmet for folkehelse (2001-2002).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om endring av protokoll 31 i EØS-avtala om deltaking for EFTA/EØS-statane i dei lengde delprogramma innanfor EU-programmet for folkehelse (2001-2002), i samsvar med eit vedlagt forslag.

St.prp. nr. 44 9

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om endring av protokoll 31 i EØS-avtala om deltaking for EFTA/EØS-statane i dei lengde delprogramma innanfor EU-programmet for folkehelse (2001-2002)

**Forslag til vedtak om samtykke til
deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen
om endring av protokoll 31 i EØS-
avtala om deltaking for EFTA/EØS-
statane i dei lengde delprogramma
innanfor EU-programmet for
folkehelse
(2001-2002)**

I

Stortinget gjev sitt samtykke til at Noreg tek del i ei avgjerd i EØS-komiteen om endring av protokoll 31 i EØS-avtala om deltaking for EFTA/EØS-statane i dei lengde delprogramma innanfor EU-programmet for folkehelse (2001-2002).

St.prp. nr. 44 10

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om endring av protokoll 31 i EØS-avtala om deltaking for EFTA/EØS-statane i dei lengde delprogramma innanfor EU-programmet for folkehelse (2001-2002)

Vedlegg 1

Avgjerd i EØS-komiteen nr. .../2001 av ... 2001 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om samarbeid på særlege område utanfor dei fire fridommene

EØS-KOMITEEN HAR -

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, justert ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla «avtala», særleg artikkel 86 og 98, og

på følgjande bakgrunn:

1. Protokoll 31 til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. ... av ... ¹⁾
2. EFTA-statane i EØS deltek for tida i ei rekkje program på området folkehelse som går ut i 2000 og 2001. Det er uvisst når eit fellesskapsprogram som skal følgje opp desse programma, vil tre i kraft.
3. Samarbeidet mellom avtalepartane bør utvidast til å omfatte ei europaparlaments- og rådsavgjerd ²⁾ om lenging og endring av visse fellesskapshandlingsprogram i samband med innsatsen for folkehelsa, som vart vedtekne ved avgjerd nr. 645/96/EF ³⁾
, nr. 646/96/EF ⁴⁾
, nr. 647/96/EF ⁵⁾
, nr. 102/97/EF ⁶⁾
, nr. 1400/97/EF ⁷⁾
og nr. 1296/1999/EF ⁸⁾
4. Protokoll 31 til avtala bør difor endrast for å gjere eit slikt utvida samarbeid mogleg frå høvesvis 1. januar 2001 og 1. januar 2002 -

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I protokoll 31 artikkel 16 nr. 1 i avtala vert det gjort følgjande endringar:

I første, andre, tredje, fjerde, femte og åttande strekpunktet vert følgjande lagt til:

«, endra ved:

- 32001 D : Europaparlaments- og rådsavgjerd nr. .../2001/EF av ...

¹⁾ TEF L . . .

²⁾ TEF L . . .

³⁾ TEF L 95 av 16.4 1996, s. 1.

⁴⁾ TEF L 95 av 16.4 1996, s. 9.

⁵⁾ TEF L 95 av 16.4 1996, s. 16.

⁶⁾ TEF L 19 av 22.1 1997, s. 25.

⁷⁾ TEF L 193 av 22.7 1997, s. 1.

⁸⁾ TEF L 155 av 22.6 1999, s. 7.

Vedlegg 1

St.prp. nr. 44 11

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om endring av protokoll 31 i EØS-avtala om deltaking for EFTA/EØS-statane i dei lengde delprogramma innanfor EU-programmet for folkehelse (2001-2002)

2001 (TEF L . . .).»

Artikkel 2

Denne avgjerda tek til å gjelde dagen etter at EØS-komiteen har motteke den siste meldinga etter artikkel 103 nr. 1 i avtala.

Avgjerda skal nyttast frå 1. januar 2001.

Artikkel 3

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Utfjerda i Brussel, . . . 2001.

For EØS-komiteen	
Formann	
P. Westerlund	
Sekretærar for EØS-komiteen	
P.K. Mannes	M. Brinkmann

St.prp. nr. 44 12

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om endring av protokoll 31 i EØS-avtala om deltaking for EFTA/EØS-statane i dei lengde delprogramma innanfor EU-programmet for folkehelse (2001-2002)

Vedlegg 2

Europaparlaments- og rådsavgjerd /nr./EF av ... 2001 om lenging og endring av visse felleskapshandlingsprogram i samband med innsatsen for folkehelsa, som vart vedtekne ved avgjerd nr. 645/96/EF, nr. 646/96/EF, nr. 647/96/EF, nr. 102/97/EF, nr. 1400/97/EF og nr. 1296/1999/EF

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN
HAR -

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 152,

med tilvising til framlegget frå Kommissjonen ⁹⁾,

med tilvising til fråsegna frå Økonomi- og sosialutvalet ¹⁰⁾,

med tilvising til fråsegna frå Regionutvalet,

etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 251 i traktaten ¹¹⁾, og ut frå desse synsmåtane:

1. Ei rekkje fellesskapshandlingsprogram på området folkehelse går om kort tid ut.
2. Følgjande program går ut ved utgangen av 2000:
 - fellesskapshandlingsprogrammet for helsefremjande tiltak, helseopplysning, helseutdanning og helseopplæring i samband med innsatsen for folkehelsa, som vart vedteke ved europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 645/96/EF ¹²⁾
 - handlingsplanen for kampen mot kreft, som vart vedteken ved europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 646/96/EF ¹³⁾
 - fellesskapshandlingsprogrammet for førebygging av AIDS og visse andre smittsame sjukdommar, som vart vedteke ved europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 647/96/EF ¹⁴⁾
 - fellesskapshandlingsprogrammet for førebygging av narkotikavanebruk, som vart vedteke ved europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 102/97/EF ¹⁵⁾

3. Følgjande program går ut ved utgangen av 2001:

⁹⁾ TEF C ... av ..., s.

¹⁰⁾ TEF C ... av ..., s.

¹¹⁾ Europaparlamentsfråsegn av 13. desember 2000 (TEF C ...), felles haldning frå Rådet av ... (enno ikkje offentleggjort i TEF) og rådsavgjerd av ... (TEF C...).

¹²⁾ TEF L 95 av 16.4 1996, s. 1.

¹³⁾ TEF L 95 av 16.4 1996, s. 9.

¹⁴⁾ TEF L 95 av 16.4 1996, s. 16.

¹⁵⁾ TEF L 19 av 22.1 1997, s. 25.

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om endring av protokoll 31 i EØS-avtala om deltaking for EFTA/EØS-statane i dei lengde delprogramma innanfor EU-programmet for folkehelse (2001-2002)

- fellesskapshandlingsprogrammet for helseovervaking, som vart vedteke ved europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 1400/97/EF ¹⁶⁾
 - fellesskapshandlingsprogrammet for sjukdommar som er knytte til ureining, som vart vedteke ved europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 1400/97/EF ¹⁷⁾
4. I resolusjonen sin av 8. juni 1999 om den framtidige fellesskapsinnsatsen for folkehelsa ¹⁸⁾ streka Rådet under at det i lys av at dei eksisterande programma går ut, er naudsynt med kontinuitet i fellesskapsinnsatsen for folkehelsa.
 5. I meldinga si av 15. april 1998 til Europaparlamentet, Rådet, Økonomi- og sosialutvalet og Regionutvalet om utviklinga av politikken for folkehelse i Det europeiske fellesskapet gjorde Kommisjonen merksam på at dei eksisterande programma for folkehelse går ut ved utgangen av 2000 eller seinare, og streka under kor viktig det er å hindre at det oppstår eit tomrom i fellesskapspolitikken på dette viktige området. Den etterfølgjande drøftinga av meldinga førte til at fellesskapsorgana vart samde om å utvikle ein ny strategi på helseområdet gjennom eit overordna handlingsprogram for folkehelse.
 6. Medan den nye strategien for og framlegga til ein ny, overordna politikk for folkehelse er under vurdering bør dei igangverande programma på området folkehelse lengjast fram til utgangen av 2002, slik at avbrot i den aktuelle fellesskapsinnsatsen kan unngåast.
 7. Dei programma som går ut 31. desember 2000, bør lengjast med to etterfølgjande tidsrom på eitt år, høvesvis frå 1. januar til 31. desember 2001 og frå 1. januar til 31. desember 2002, og det bør gjerast ei fordeling per år av den finansielle ramma for gjennomføring av dei aktuelle programma.
 8. For å sikre ein smidig og effektiv overgang for fellesskapsinnsatsen frå dei eksisterande programma til det overordna helseprogrammet som skal vedtakast, bør denne avgjerda om lenging sikre at den finansielle støtta vert jamnt fordelt mellom handlingsprogramma ved å spesifisere lenginga av den finansielle ramma for programma.
 9. Denne avgjerda bør opphevast frå den datoen då ei ny avgjerd frå Europaparlamentet og Rådet om vedtaking av eit fellesskapshandlingsprogram om folkehelse tek til å gjelde.
 10. Avtala om det europeiske økonomiske samarbeidsområdet (EØS-avtala) inneheld føresegner om eit utvida samarbeid på området folkehelse mellom på den eine sida Det europeiske fellesskapet og medlemsstatane i EF, og på den andre sida dei statane i Det europeiske frihandelssambandet (EFTA) som tek del i Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet (EFTA/EØS-statane). Programmet bør opnast for deltaking for dei assosierte statane i Sentral- og Aust-Europa (ASSAE) i samsvar med dei vilkåra som er fastsette i dei europeiske avtalene, i tilleggsprotokollane deira og i avgjerdene til dei høvesvise assosieringsråda, for Kypros på dei same vilkåra som gjeld for EFTA/EØS-statane, på grunnlag av tilleggslovingar i

¹⁶⁾ TEF L 193 av 22.7 1997, s. 1.

¹⁷⁾ TEF L 155 av 22.6 1999, s. 7.

¹⁸⁾ TEF C 200 av 15.7 1999, s. 1.

samsvar med dei framgangsmåtane som skal avtalast med denne staten, og for Malta og Tyrkia på grunnlag av tilleggsløyvingar i samsvar med føresegnene i traktaten.

11. Ved lenginga av programma bør det takast omsyn til meldinga av 15. juni 2000 frå Kommisjonen til Europaparlamentet, Rådet, Økonomi- og sosialutvalet og Regionutvalet om strategien til Det europeiske fellesskapet på området folkehelse ¹⁹⁾

, rådsresolusjon av 8. juni 1999 om framtidig fellesskapsinnsats på området folkehelse ²⁰⁾

, europaparlamentsresolusjon av 10. mars 1999 ²¹⁾

, fråsegna frå Økonomi- og sosialutvalet av 9. september 1998 ²²⁾

og fråsegna frå Regionutvalet av 19. november 1998 ²³⁾

. Det bør òg takast omsyn til den førebels rapporten av 14. oktober 1999 frå Kommisjonen til Europaparlamentet, Rådet, Økonomi- og sosialutvalet og Regionutvalet om gjennomføring av fellesskapsprogramma for førebygging av kreft, AIDS og visse andre smittsame sjukdommar og for narkotikavanebruk i samband med innsatsen for folkehelsa, og til den førebels rapporten av 22. mars 2000 frå Kommisjonen til Europaparlamentet, Rådet, Økonomi- og sosialutvalet og Regionutvalet om gjennomføring av helsefremjande tiltak, helseopplysningar, helseutdanning og helseopplæring.

12. I denne avgjerda er det for heile det tidsrommet som programma vert lengde med, fastsett ei finansiell ramme som utgjer det primære referansegrunnlaget for budsjettstyresmakta ved den årlege budsjetthandsaminga, slik det er definert i punkt 33 i den tverrinstitusjonelle avtala av 6. mai 1999 mellom Europaparlamentet, Rådet og Kommisjonen om budsjett disiplin og betre budsjett handsaming ²⁴⁾

13. Avgjerd nr. 645/96/EF, nr. 646/96/EF, nr. 102/97/EF, nr. 1400/97/EF og nr. 1296/1999/EF bør endrast slik at det vert teke omsyn til rådsbeslutning 1999/468/EF av 28. juni 1999 om fastsettelse av nærmere regler for utøvelsen av den gjennomføringsmyndighet som er tillagt Kommisjonen ²⁵⁾

14. Handlingsprogramma bør overvakast og vurderast jamleg av Kommisjonen i samarbeid med medlemsstatane -

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I avgjerd nr. 645/96/EF vert det gjort følgjande endringar:

¹⁹⁾ TEF C 390 av 15.12 1998, s. 1.

²⁰⁾ TEF C 200 av 15.7 1999, s. 1.

²¹⁾ TEF C 175 av 21.6 1999, s. 135.

²²⁾ TEF C 407 av 28.12 1998, s. 21

²³⁾ TEF C 51 av 22.2 1999, s. 53.

²⁴⁾ TEF C 172 av 18.6 1999, s. 1.

²⁵⁾ TEF L 184 av 17.7 1999, s. 23.

1.	I artikkel 1 nr. 1 vert «31. desember 2000» bytt ut med «31. desember 2002».
2.	I artikkel 2 nr. 1 vert «i samsvar med artikkel 5» bytt ut med «i samsvar med dei framgangsmåtane som er fastsette i artikkel 5a nr. 2 og 3».
3.	Artikkel 3 nr. 1 skal lyde: «1. Den finansielle ramma for gjennomføringa av programmet er 35 millionar EUR for tidsrommet 1. januar 1996-31. desember 2000, 7,27 millionar EUR for tidsrommet 1. januar-31. desember 2001 og 7,27 millionar EUR for tidsrommet 1. januar-31. desember 2002.»
4.	Artikkel 5 skal lyde:
	«Artikkel 5
	<i>Gjennomføringstiltak</i>
	Dei tiltaka som er naudsynte for gjennomføringa av denne avgjerda med omsyn til dei spørsmåla som er nemnde nedanfor, skal vedtakast etter den forvaltingsmessige framgangsmåten som er nemnd i artikkel 5a nr. 3:
a.	eit årleg arbeidsprogram som viser dei prioriterte tiltaksområda,
b.	dei nærmare reglane, kriteria og framgangsmåtane for utveljing og finansiering av prosjekt innanfor ramma av programmet, medrekna prosjekt som omfattar samarbeid med internasjonale organisasjonar som arbeider med folkehelse, og deltaking for dei statane som er nemnde i artikkel 6 nr. 2,
c.	framgangsmåten ved vurdering,
d.	dei nærmare reglane for spreing og formidling av resultat,
e.	dei nærmare reglane for samarbeidet med dei institusjonane og organisasjonane som er nemnde i artikkel 2 nr. 2.
	Dei tiltaka som er naudsynte for å gjennomføre denne avgjerda med omsyn til andre spørsmål, skal vedtakast etter den framgangsmåten for rådgjeving som er nemnd i artikkel 5a nr. 2.»
5.	Ny artikkel 5a skal lyde:
	«Artikkel 5a
	<i>Utval</i>
1.	Kommisjonen skal få hjelp av eit utval.
2.	Når det vert vist til dette nummeret, skal artikkel 3 og 7 i avgjerd 1999/468/EF gjelde, samstundes som det vert teke omsyn til føresegnene i artikkel 8 i den nemnde avgjerda.
3.	Når det vert vist til dette nummeret, skal artikkel 4 og 7 i avgjerd 1999/468/EF gjelde, samstundes som det vert teke omsyn til føresegnene i artikkel 8 i den nemnde avgjerda.
	Det tidsrommet som er fastsett i artikkel 4 nr. 3 i avgjerd 1999/468/EF, skal vere to månader.
4.	Utvalet fastset møteføresegnene sine.»
6.	I artikkel 6
a.	nr. 1 vert «etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 5» bytt ut med «etter dei framgangsmåtane som er fastsette i artikkel 5a nr. 2 og 3.»
b.	skal nr. 2 lyde:
	«2. Dette programmet er ope for deltaking for
a)	EFTA/EØS-statane i samsvar med dei vilkåra som er fastsette i EØS-avtala,
b)	dei assosierte statane i Sentral- og Aust-Europa i samsvar med dei vilkåra som er fastsette i dei europeiske avtalene, i tilleggsprotokollane deira og i avgjerdene til dei høvesvise assosieringsråda,

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om endring av protokoll 31 i EØS-avtala om deltaking for EFTA/EØS-statane i dei lengde delprogramma innanfor EU-programmet for folkehelse (2001-2002)

	c)	Kypros på grunnlag av tilleggsføringar i samsvar med dei framgangsmåtane som skal avtalast med denne staten,
	d)	Malta og Tyrkia på grunnlag av tilleggsføringar i samsvar med føresegnene i traktaten.»
7.	Artikkel 7 skal lyde:	
	«Artikkel 7	
	<i>Overvaking og vurdering</i>	
	1.	Ved gjennomføringa av denne avgjerda skal Kommisjonen, i samarbeid med medlemsstatane, gjere dei tiltaka som er naudsynte for å sikre overvaking og vurdering av tiltaka i dette programmet, i samsvar med artikkel 1.
	2.	Kommisjonen skal leggje fram for Europaparlamentet og Rådet ein førebels rapport i juli 1998 og ein sluttrapport når programmet er avslutta. Rapportane skal innehalde resultatane av den vurderinga som er nemnd i nr. 1. Rapportane skal òg sendast over til Økonomi- og sosialutvalet og Regionutvalet.»

Artikkel 2

I avgjerd nr. 646/96/EF vert det gjort følgjande endringar:

1.	I artikkel 1 nr. 1 vert «31. desember 2000» bytt ut med «31. desember 2002».
2.	I artikkel 2 nr. 1 vert «i samsvar med artikkel 5» bytt ut med «i samsvar med dei framgangsmåtane som er fastsette i artikkel 5a nr. 2 og 3».
3.	Artikkel 3 nr. 1 skal lyde: «1. Den finansielle ramma for gjennomføringa av planen er 64 millionar EUR for tidsrommet 1. januar 1996-31. desember 2000, 13,3 millionar EUR for tidsrommet 1. januar-31. desember 2001 og 13,3 millionar EUR for tidsrommet 1. januar-31. desember 2002.»
4.	Artikkel 5 skal lyde: «Artikkel 5 <i>Gjennomføringstiltak</i> Dei tiltaka som er naudsynte for gjennomføringa av denne avgjerda med omsyn til dei spørsmåla som er nemnde nedanfor, skal vedtakast etter den forvaltingsmessige framgangsmåten som er nemnd i artikkel 5a nr. 3:
	a. eit årleg arbeidsprogram som viser dei prioriterte tiltaksområda,
	b. ei forenkling og betring av dei forvaltingsmessige framgangsmåtane i planen, som vil verte offentleggjorde,
	c. dei nærmare reglane, kriteria og framgangsmåtane for utveljing og finansiering av prosjekt innanfor ramma av handlingsplanen, medrekna prosjekt som omfattar samarbeid med internasjonale organisasjonar som arbeider med folkehelse, og deltaking av dei statane som er nemnde i artikkel 6 nr. 2,
	d. framgangsmåten ved vurdering,
	e. dei nærmare reglane for spreiding og formidling av resultat,
	f. dei nærmare reglane for samarbeidet med dei institusjonane og organisasjonane som er nemnde i artikkel 2 nr. 2.
	Dei tiltaka som er naudsynte for å gjennomføre denne avgjerda med omsyn til andre spørsmål, skal vedtakast etter den framgangsmåten for rådgjeving som er nemnd i artikkel 5a nr. 2».
5	Artikkel 5a skal lyde: «Artikkel 5a

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om endring av protokoll 31 i EØS-avtala om deltaking for EFTA/EØS-statane i dei lengde delprogramma innanfor EU-programmet for folkehelse (2001-2002)

	<i>Utval</i>	
1.	Kommissjonen skal få hjelp av eit utval.	
2.	Når det vert vist til dette nummeret, skal artikkel 3 og 7 i avgjerd 1999/468/EF gjelde, samstundes som det vert teke omsyn til føresegnene i artikkel 8 i den nemnde avgjerda.	
3.	Når det vert vist til dette nummeret, skal artikkel 4 og 7 i avgjerd 1999/468/EF gjelde, samstundes som det vert teke omsyn til føresegnene i artikkel 8 i den nemnde avgjerda.	
	Det tidsrommet som er fastsett i artikkel 4 nr. 3 i avgjerd 1999/468/EF, skal vere to månader.	
4.	Utvalet fastset møteføresegnene sine.»	
6.	I artikkel 6	
	a.	nr. 1 vert «etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 5» bytt ut med «etter dei framgangsmåtane som er fastsette i artikkel 5a nr. 2 og 3.»
	b.	skal nr. 2 lyde:
	«2. Dette programmet er ope for deltaking for	
	a)	EFTA/EØS-statane i samsvar med dei vilkåra som er fastsette i EØS-avtala,
	b)	dei assosierte statane i Sentral- og Aust-Europa i samsvar med dei vilkåra som er fastsette i dei europeiske avtalene, i tilleggsprotokollane deira og i avgjerdene til dei høvesvise assosieringsråda,
	c)	Kypros på grunnlag av tilleggsløyvingar i samsvar med dei framgangsmåtane som skal avtalast med denne staten,
	d)	Malta og Tyrkia på grunnlag av tilleggsløyvingar i samsvar med føresegnene i traktaten.»
7.	Artikkel 7 nr. 2 skal lyde:	
	«2. Kommissjonen skal leggje fram for Europaparlamentet og Rådet ein førebels rapport i juli 1998 og ein sluttrapport når planen er avslutta. Rapportane skal leggje særleg vekt på komplementariteten mellom dette tiltaket og dei andre tiltaka som er nemnde i artikkel 4. Kommissjonen skal innarbeide resultatane av vurderingane i rapportane. Han skal òg sende rapportane over til Økonomi- og sosialutvalet og Regionutvalet.»	

Artikkel 3

I avgjerd nr. 647/96/EF vert det gjort følgjande endringar:

1.	I artikkel 1 nr. 1 vert «31. desember 2000» bytt ut med «31. desember 2002».
2.	I artikkel 2 nr. 1 vert «i samsvar med artikkel 5» bytt ut med «i samsvar med framgangsmåtane fastsatt i artikkel 5a nr. 2 og 3».
3.	Artikkel 3 nr. 1 skal lyde:
	«1. Den finansielle rammen for gjennomføring av programmet skal vere 49,6 millioner EUR for tidsrommet 1. januar 1996-31. desember 2000, 10,07 millioner EUR for tidsrommet 1. januar-31. desember 2001 og 10,07 millioner EUR for tidsrommet 1. januar-31. desember 2002.»
4.	Artikkel 5 skal lyde:
	«Artikkel 5
	<i>Gjennomføringstiltak</i>

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om endring av protokoll 31 i EØS-avtala om deltaking for EFTA/EØS-statane i dei lengde delprogramma innanfor EU-programmet for folkehelse (2001-2002)

	De tiltak som er nødvendige for gjennomføringen av denne beslutning med hensyn til spørsmålene omhandlet nedenfor, skal vedtas etter den forvaltningsmessige framgangsmåten omhandlet i artikkel 5a nr. 3:
a.	eit årlig arbeidsprogram med angivelse av de prioriterte innsatsområdene,
b.	de nærmere regler, kriterier og framgangsmåter for utvelgelse og finansiering av prosjekter innen rammen av programmet, herunder slike som innebærer samarbeid med internasjonale organisasjoner som arbeider med folkehelse, og deltaking av statene nevnt i artikkel 6 nr. 2,
c.	framgangsmåten ved evaluering,
d.	de nærmere regler for spredning og formidling av resultater,
e.	de nærmere regler for samarbeid med institusjonene og organisasjonene nevnt i artikkel 2 nr. 2.
	De tiltak som er nødvendige for gjennomføringen av denne beslutning, og som gjelder andre spørsmål, skal vedtas etter framgangsmåten for rådgivning omhandlet i artikkel 5a nr. 2.»
5.	Artikkel 5a skal lyde:
	«Artikkel 5a
	<i>Komité</i>
1.	Kommisjonen skal bistås av en komité.
2.	Når det vises til dette nummer, får artikkel 3 og 7 i beslutning 1999/468/EF anvendelse, samtidig som det tas hensyn til bestemmelsene i beslutningens artikkel 8.
3.	Når det vises til dette nummer, får artikkel 4 og 7 i beslutning 1999/468/EF anvendelse, samtidig som det tas hensyn til bestemmelsene i beslutningens artikkel 8.
	Tidsrommet fastsatt i artikkel 4 nr. 3 i beslutning 1999/468/EF skal være to måneder.
4.	Komiteen fastsetter sin egen forretningsorden.»
6	I artikkel 6
a.	nr. 1 vert «etter framgangsmåten fastsatt i artikkel 5» bytt ut med «etter framgangsmåtene fastsatt i artikkel 5a nr. 2 og 3.»
b.	skal nr. 2 lyde:
	«2. Programmet er åpent for deltaking for
a)	EFTA/EØS-statane i samsvar vilkårene fastsatt i EØS-avtalen,
b)	de assosierte stater i Sentral- og Øst-Europa (ASSØE) i samsvar med vilkårene fastsatt i de europeiske avtaler, deres tilleggsprotokoller og i de respektive assosieringsråds beslutninger,
c)	Kypros på grunnlag av tilleggsbevilgninger etter framgangsmåter som skal avtales med denne stat,
d)	Malta og Tyrkia på grunnlag av tilleggsbevilgninger i samsvar med traktatens bestemmelser.»
7.	Artikkel 7 nr. 2 skal lyde:
	2. Kommisjonen skal framlegge for Europaparlamentet og Rådet en foreløpig rapport i juli 1998 og en sluttrapport ved utløpet av programmet. Resultatene av evalueringene skal innarbeides i rapportene. Kommisjonen skal også oversende rapportene til Den økonomiske og sosiale komité og Regionkomiteen.»

Artikkel 4

I avgjerd nr. 102/97/EF vert det gjort følgjande endringar:

1.	I artikkel 1 nr. 1 vert «31. desember 2000» bytt ut med «31. desember 2002».
2.	I artikkel 2 nr. 1 vert «i samsvar med artikkel 5» bytt ut med «i samsvar med dei framgangsmåtane som er fastsette i artikkel 5a nr. 2 og 3».
3.	Artikkel 3 nr. 1 skal lyde:
	«1. Den finansielle ramma for gjennomføringa av programmet er 27 millionar EUR for tidsrommet 1. januar 1996-31. desember 2000, 5,38 millionar EUR for tidsrommet 1. januar-31. desember 2001 og 5,38 millionar EUR for tidsrommet 1. januar-31. desember 2002.»
4.	Artikkel 5 skal lyde:
	«Artikkel 5
	<i>Gjennomføringstiltak</i>
	Dei tiltaka som er naudsynte for gjennomføringa av denne avgjerda med omsyn til dei spørsmåla som er nemnde nedanfor, skal vedtakast etter den forvaltingsmessige framgangsmåten som er nemnd i artikkel 5a nr. 3:
a.	eit årleg arbeidsprogram som viser dei prioriterte tiltaksområda,
b.	dei nærmare reglane, kriteria og framgangsmåtane for utveljing og finansiering av prosjekt innanfor ramma av programmet, medrekna prosjekt som omfattar samarbeid med internasjonale organisasjonar som arbeider med folkehelse, og deltaking av dei statane som er nemnde i artikkel 6 nr. 2,
c.	framgangsmåten ved vurdering,
d.	dei nærmare reglane for spreiring og formidling av resultat,
e.	dei nærmare reglane for samarbeidet med dei institusjonane og organisasjonane som er nemnde i artikkel 2 nr. 2.
	Dei tiltaka som er naudsynte for å gjennomføre denne avgjerda med omsyn til andre spørsmål, skal vedtakast etter den framgangsmåten for rådgjeving som er nemnd i artikkel 5a nr. 2.»
5.	Ny artikkel 5a skal lyde:
	«Artikkel 5a
	Utval
1.	Kommisjonen skal få hjelp av eit utval.
2.	Når det vert vist til dette nummeret, skal artikkel 3 og 7 i avgjerd 1999/468/EF gjelde, samstundes som det vert teke omsyn til føresegnene i artikkel 8 i den nemnde avgjerda.
3.	Når det vert vist til dette nummeret, skal artikkel 4 og 7 i avgjerd 1999/468/EF gjelde, samstundes som det vert teke omsyn til føresegnene i artikkel 8 i den nemnde avgjerda. Det tidsrommet som er fastsett i artikkel 4 nr. 3 i avgjerd 1999/468/EF, skal vere to månader.
4.	Utvalet fastset møteføresegnene sine.»
6.	I artikkel 6
a.	nr. 1 vert «etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 5» bytt ut med «etter dei framgangsmåtane som er fastsette i artikkel 5a nr. 2 og 3.»
b.	skal nr. 2 lyde:
	«2. Dette programmet er ope for deltaking for
a)	EFTA/EØS-statane i samsvar med dei vilkåra som er fastsette i EØS-avtala,
b)	dei assosierte statane i Sentral- og Aust-Europa i samsvar med dei vilkåra som er fastsette i dei europeiske avtalene, i tilleggsprotokollane deira og i avgjerdene til dei høvesvise assosieringsråda,

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om endring av protokoll 31 i EØS-avtala om deltaking for EFTA/EØS-statane i dei lengde delprogramma innanfor EU-programmet for folkehelse (2001-2002)

	c)	Kypros på grunnlag av tilleggslovvingar i samsvar med dei framgangsmåtane som skal avtalast med denne staten,
	d)	Malta og Tyrkia på grunnlag av tilleggslovvingar i samsvar med føresegnene i traktaten.»
7.	Artikkel 7 nr. 2 skal lyde:	
	«2. Kommisjonen skal leggje fram for Europaparlamentet og Rådet ein førebels rapport i juli 1998 og ein sluttrapport når programmet er avslutta. Kommisjonen skal innarbeide resultatane av vurderingane i rapportane. Han skal òg sende rapportane over til Økonomi- og sosialutvalet og Regionutvalet.»	

Artikkel 5

I avgjerd nr. 1400/97/EF vert det gjort følgjande endringar:

1.	I artikkel 1 nr. 1 vert «31. desember 2001» bytt ut med «31. desember 2002».	
2.	I artikkel 2 nr. 1 vert «i samsvar med artikkel 5» bytt ut med «i samsvar med dei framgangsmåtane som er fastsette i artikkel 5a nr. 2 og 3».	
3.	Artikkel 3 nr. 1 skal lyde:	
	«1. Den finansielle ramma for gjennomføringa av programmet er 13,8 millionar EUR for tidsrommet 1. januar 1997-31. desember 2001 og 4,4 millionar EUR for tidsrommet 1. januar-31. desember 2002.»	
4.	Artikkel 5 skal lyde:	
	«Artikkel 5	
	<i>Gjennomføringstiltak</i>	
	Dei tiltaka som er naudsynte for gjennomføringa av denne avgjerda med omsyn til dei spørsmåla som er nemnde nedanfor, skal vedtakast etter den forvaltingsmessige framgangsmåten som er nemnd i artikkel 5a nr. 3:	
	a.	eit årleg arbeidsprogram som viser dei prioriterte tiltaksområda,
	b.	dei nærmare reglane, kriteria og framgangsmåtane for utveljing og finansiering av prosjekt innanfor ramma av programmet, medrekna prosjekt som omfattar samarbeid med internasjonale organisasjonar som arbeider med folkehelse, og deltaking av dei statane som er nemnde i artikkel 6 nr. 2,
	c.	framgangsmåten ved vurdering,
	d.	føresegnene om oversending og konvertering av data og om andre metodar som gjer det mogleg å jamføre dataa, slik at dei måla som er nemnde i artikkel 1 nr. 2, kan nåast,
	e.	dei nærmare reglane for spreining og formidling av resultat,
	f.	dei nærmare reglane for samarbeidet med dei institusjonane og organisasjonane som er nemnde i artikkel 2 nr. 2,
	g.	føresegnene om definisjon og utveljing av indikatorar,
	h.	føresegnene om dei innhaldsspesifikasjonane som er naudsynte for å skipe og drive netta.
	Dei tiltaka som er naudsynte for å gjennomføre denne avgjerda med omsyn til andre spørsmål, skal vedtakast etter den framgangsmåten for rådgjeving som er nemnd i artikkel 5a nr. 2.»	
5.	Ny artikkel 5a skal lyde:	
	«Artikkel 5a	
	Utval	
	1.	Kommisjonen skal få hjelp av eit utval.

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om endring av protokoll 31 i EØS-avtala om deltaking for EFTA/EØS-statane i dei lengde delprogramma innanfor EU-programmet for folkehelse (2001-2002)

2.	Når det vert vist til dette nummeret, skal artikkel 3 og 7 i avgjerd 1999/468/EF gjelde, samstundes som det vert teke omsyn til føresegnene i artikkel 8 i den nemnde avgjerda.
3.	Når det vert vist til dette nummeret, skal artikkel 4 og 7 i avgjerd 1999/468/EF gjelde, samstundes som det vert teke omsyn til føresegnene i artikkel 8 i den nemnde avgjerda.
	Det tidsrommet som er fastsett i artikkel 4 nr. 3 i avgjerd 1999/468/EF, skal vere to månader.
4.	Utvalet fastset møteføresegnene sine.»
6.	I artikkel 6
a.	nr. 1 vert «etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 5» bytt ut med «etter dei framgangsmåtane som er fastsette i artikkel 5a nr. 2 og 3.»
b.	skal nr. 2 lyde:
	«2. Dette programmet er ope for deltaking for
	a) EFTA/EØS-statane i samsvar med dei vilkåra som er fastsette i EØS-avtala,
	b) dei assosierte statane i Sentral- og Aust-Europa i samsvar med dei vilkåra som er fastsette i dei europeiske avtalene, i tilleggsprotokollane deira og i avgjerdene til dei høvesvise assosieringsråda,
	c) Kypros på grunnlag av tilleggsløyvingar i samsvar med dei framgangsmåtane som skal avtalast med denne staten,
	d) Malta og Tyrkia på grunnlag av tilleggsløyvingar i samsvar med føresegnene i traktaten.»

Artikkel 6

I avgjerd nr. 1296/1999/EF vert det gjort følgjande endringar:

1.	I artikkel 1 nr. 1 vert «31. desember 2001» bytt ut med «31. desember 2002».
2.	I artikkel 2 nr. 1 vert «i samsvar med artikkel 5» bytt ut med «i samsvar med framgangsmåten fastsatt i artikkel 5a nr. 2».
3.	Artikkel 3 nr. 1 skal lyde:
	«1. Den finansielle rammen for gjennomføring av programmet skal være 3,9 millioner EUR for tidsrommet 1. januar 1999-31. desember 2001 og 1,3 millioner EUR for tidsrommet 1. januar-31. desember 2002.»
4.	Artikkel 5 skal lyde:
	«Artikkel 5
	Gjennomføringstiltak
	De tiltak som er nødvendige for gjennomføringen av denne beslutning med hensyn til spørsmålene omhandlet nedenfor, skal vedtas etter den forvaltningsmessige framgangsmåten omhandlet i artikkel 5a nr. 2:
a.	et årlig arbeidsprogram med angivelse av de prioriterte tiltaksområdene,
b.	kriterier og framgangsmåter for utvelgelse og finansiering av prosjekter innen rammen av programmet,
c.	framgangsmåten for overvåking og løpende vurdering som omhandlet i artikkel 7.»
5.	Artikkel 5a skal lyde:
	«Artikkel 5a
	<i>Komité</i>

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om endring av protokoll 31 i EØS-avtala om deltaking for EFTA/EØS-statane i dei lengde delprogramma innanfor EU-programmet for folkehelse (2001-2002)

	1.	Kommisjonen skal bistås av en komité.
	2.	Når det vises til dette nummer, får artikkel 3 og 7 i beslutning 1999/468/EF anvendelse, samtidig som det tas hensyn til bestemmelsene i beslutningens artikkel 8.
	3.	Komiteen fastsetter sin egen forretningsorden.»
6.	I artikkel 6	
	a.	nr. 1 vert «etter framgangsmåten fastsatt i artikkel 5» bytt ut med «etter framgangsmåten fastsatt i artikkel 5a nr. 2.»
	b.	skal nr. 2 lyde:
		«2. Programmet er åpent for deltaking for
	a)	EFTA/EØS-statene i samsvar vilkårene fastsatt i EØS-avtalen,
	b)	de assosierte stater i Sentral- og Øst-Europa (ASSØE) i samsvar med vilkårene fastsatt i de europeiske avtaler, deres tilleggsprotokoller og i de respektive assosieringsråds beslutninger,
	c)	Kypros på grunnlag av tilleggsbevilgninger etter framgangsmåter som skal avtales med denne stat,
	d)	Malta og Tyrkia på grunnlag av tilleggsbevilgninger i samsvar med traktatens bestemmelser.»

Artikkel 7

Denne avgjerda tek til å gjelde den dagen ho vert kunngjord i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Ho skal nyttast frå 1. januar 2001.

Utfjerda i Brussel, ...

<i>For Europaparlamentet</i>	<i>For Rådet</i>
<i>President</i>	<i>Formann</i>
